

## Referat

### Møte i Fitjar sokneåd

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Dato:** Torsdag 14.10.21

**Tid:** Kl. 18.30

Ord for dagen: Tom Rydland

Desse møtte: Svein Lunde, Wenche Andersen Helland, Tom Rydland, Herman Inge Aadland, Håkon Rydland Sæbø, Aase Rygg H. Nøttveit, Jan Overweg, Anne Marie Røed.

#### **Sak 2021/57 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

#### **Sak 2021/58 012.1 Referat frå sist møte**

Soknerådet stadfesta referatet frå møtet 23.09.21.

#### **Sak 2021/59 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet.**

**1.Trusopplæringstiltak:** Konfirmanttur til Austevoll, babysong, småbarnsamling, besøk i barnehagen, opplegg for 4-åringar laurdag 2.10.21, utdeling av 4-årsbok på familiegudstenesta 3.10.21, Tentreff, «Vidare» (opplegg for elevar i 10-klasse og vid. skule.) Gode tilbakemeldingar.

**2.Andre tiltak:** Kyrkjekor, Temakveld, Open kyrkje.

**3.Revisor** held fram med revisjon av 2020-rekneskapen.

**4.Elisabeth Moldestad** arbeider nokre timar i veka på kyrkjekontoret.

**5.Vikar** for kontormedarbeidar E. Oma arbeider på kontoret måndag og fredag.

6.Kyrkjeverja har hatt møte med Stig Almås, «Tre og hage», vedr. kyrkjegarden.

Tre vart sikra i 2013, 20-års garanti.

Tre mot prestegarden bør beskjerast.

Felling av tre på felt D bør vurderast.

**7. Budsjettet:** 5.okt. var der møte mellom Rådmann, Økonomisjef, Soknerådsleiar og Kyrkjeverje.

Rådmannen orienterte om at det vert nokre år med strame budsjett før det blir betre om nokre år. Soknerådet må bruka av av tidlegare overskot, 1.4 mill. på ubundne fond. Ubundne fond skal brukast i «tronge år.» I budsjettet kan ein leggja inn forventa løns – og prisauke (løn, pensjon, arbeidsgjevaravgift.) Forventa lønsauke: 2.8%. Forventa prisauke: 2.9%. I budsjettet bør ein og ta høgde for at utgiftene til straum kan bli det dobbelte av fjoråret.

Uteareal: Rapport vil kosta kr 12 000, beskjering av tre vil kosta kr 90 000.

Vedlikehald av bygningar, maling av tårn. Bruk av fondsmidlar. I 2017/2018 budsjettet vart det løyvd pengar til maling av kyrkja.

Innspel: Ønskje om å bruka meir pengar til ungdomsarbeid.

## **Sak 2021/60 Budsjett 2022**

Saka har vore oppe som som gjennomgang av førebels budsjettutkast i møtet 23.09 (sak 2021/53) Budsjettbrevet og detaljbudsjettet som no skal sendast rådmannen vert lagt fram til godkjenning for soknerådet. Når kommunestyret har vedteke det endelege budsjettet for 2022, må soknerådet vedta detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret løyver i desembermøtet.

### **Framlegg til vedtak:**

Kyrkjeverje sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møtet:

### **Investeringsbudsjett:**

2017 – 2030 : Opparbeiding av nye graver. D –feltet er ikkje opparbeid slik det ligg føre i planen.

Kr 150 000 til opparbeiding av D – feltet

Kr 300 000 til vognskjul for gravemaskin

kr 300 000 til parkeringsplass med universell utforming

Tidlegare er det sett av midlar til kyrkjegarden; i 2021 kr 1 mill og i 2022 kr 890 000. Presisering: Å skifta ut massar, felt D, har Fylkesarkeologen sett ein stoppar for. Midlar som tidlegare er sett av til dette føremålet, er omdisponerte.

**Kommentar til budsjettet: Me må vera i førarsetet, klargjera behova våre og prioritera.**

### **Sak 2021/61 Visitasprogram og arbeidet med visitasmelding**

Det er biskopen som har sterke føringar og bestemmer innhaldet i programmet etter forslag frå prost, og i samråd med sokneråd, stab og råd. Med denne bakgrunnen vert utkast til programmet drøfta i soknerådet. I møtet vert også arbeidet med visitasmeldinga presentert.

**Framlegg til vedtak:** Soknerådet sluttar seg til forslaget til programmet for visitasen, slik det vert lagt fram i møtet. (Programmet er lagt ved referatet.)

I møtet kom det fram nokre merknader: Onsdag 01.12. Forslag om å flytte bedriftbesøket ved Engesund fiskeoppdrett til kl.16.00

Kyrkjekaffi på søndag 5.des: Nemnda for kyrkjekaffi vert utfordra til å gjera noko ekstra ut av kyrkjekaffien.

Kyrkjelydfesten vert i kultursalen.Komite for festen: Roald Drønen, Aase R.H. Nøttveit, Tom Rydland og Håkon Rydland Sæbø. Roald kallar inn.

**Visitasmelding:** Roald Drønen og Herman Inge Aadland gjer klar visitasmeldinga ei veke før neste møte.Mykje har skjedd sidan visitasen i 2008.

### **Sak 2021/62 Høyring om kyrkjeleg organisering - løypemelding.**

Svein Lunde orienterte om arbeidet.

### **Sak 2021/ 63 Meldingar /open post**

Prostidagen 21. okt- påmelding. Ein frå kvar nemnd blir invitert til å vera med i tillegg til Soknerådet, styrar i barnehagen og stab. Kyrkjekontoret sender ut invitasjon.

Ekstra soknerådsmøte 4.nov.2021

Ref: Anne Marie Røed